



Jobbnorge-ID: 111653

Søknadsfrist: Avslutta

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Postdoktor innan meteorologi

Ved Geofysisk institutt (www.uib.no/gfi) er det ledig ei stilling som postdoktor innan meteorologi. Stillinga er for ein periode på 2 år og knytt til forskingsprosjektet «Climatic changes in short duration extreme precipitation and rapid onset flooding - implications for design values» som er finansiert av Noregs forskingsråd.

Om prosjektet/arbeidsoppgåver

Eit varmare klima vil kunne medføre ei forandring i frekvensen og intensiteten til nedbør på korte tidsskalaer (under 24 timar). Statistiske analysar av korttidsnedbør i forskjellige klimatiske regionar syner at responsen til temperaturforandringar for denne type nedbør varierer mykje. Ein mogleg forklaring som er framsett er at stratiform og konvektiv nedbør vil respondere forskjellig på ein temperturforandring. I Noreg har ein sett at intensiteten i korttidsnedbør har auka mange stader, men med store regionale forskjellar. Auka i intensitet er fortsatt ikkje tilfredsstillande forklart og kan skyldas både naturlege interne variasjonar og forandringar i strålingspådrag.

Kandidaten vil gjere forskning på kor følsam konvektiv og stratiform korttidsnedbør er til forandringar i temperatur. Sentralt i forskinga er høgoppløyslege numeriske simuleringar som oppløysar konveksjon eksplisitt. Simuleringane vil gjerast med atmosfæremodellen WRF. I tillegg vil analyse av historiske hendingar og resultat frå regionale klimamodellar brukast.

Kvalifikasjonar og eigenskapar

- Du må ha oppnådd doktorgrad eller tilsvarande utdanning innanfor meteorologi, eller ha levert doktoravhandlinga di til vurdering innan søknadsfristen er ute. Det er ein føresetnad at doktorgraden er oppnådd før tilsetjing kan skje.
- Du må ha dokumenterte gode kunnskapar i dynamisk meteorologi og kompetanse på meteorologiske prosessar knytt til stratiform og konvektiv nedbør
- Dokumentert erfaring med numeriske simuleringar vha høgoppløyslege atmosfæremodellar og analyse av mesoskala dynamikk og tilhøyrande nedbør vil verta vektlagt
- Erfaring med WRF modellsystemet vil telja positivt.
- Prosjektet er eit såkalla kompetanseprosjekt med utstrakt kontakt med brukarar av ekstremnedbørsinformasjon regionalt og nasjonalt. Det er difor ei føremon om du beherskar norsk
- Du må kunne arbeide sjølvstendig og strukturert og ha gode samarbeidsevner
- Du må kunne nytte engelsk skriftleg og munnleg

Om postdoktorstillinga

Postdoktorstillinga er ei åremålsstilling og har som hovudmål å kvalifisere den som blir tilsett for arbeid i faglege toppstillingar. Åremålsperioden for denne stillinga er 2 år. Ingen kan tilsetjast i meir enn ein åremålsperiode som postdoktor ved same institusjon.

Den tilsette skal saman med prosjektleiar/instituttleiar utarbeide framlegg til prosjekt for kvalifiseringsarbeidet. Framlegget skal omfatte prosjektmtale og framdriftsplan. Det er ein føresetnad at den som blir tilsett, vil kunne gjennomføre prosjektet i løpet av tilsetjingsperioden.

Vi kan tilby

- eit godt og faglig utfordrande arbeidsmiljø
- løn etter lønnssteg 57 i statens regulativ (kode 1352) ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga.
- medlemsskap i Statens pensjonskasse
- stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- gode velferdsordningar

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til:

Professor Asgeir Sorteberg, Geofysisk institutt, e-post asgeir.sorteberg@gfi.uib.no

Søknaden skal innehalde

- ei kort utgreiing om dine forskingsinteresser og motivasjon for å søkje stillinga
- namn og kontaktopplysningar til to referansepersonar, ein av desse kan vere hovudrettleiaren frå doktorgradsutdanninga
- CV
- karakterutskriftar og vitnemål, samt stadfesting på at doktorgradsavhandlinga er levert
- relevante attestar
- liste over vitenskaplege arbeid (publikasjonsliste)
- eventuelle publikasjonar

Søknad og vedlegg skal lastas opp i Jobbnorge. Du må laste opp attesterte omsetjingar av vitnemål, karakterutskriftar og annan dokumentasjon dersom desse ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk.

Søknadsfrist: 29. mars 2015.

Generell informasjon:

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i folket. Vi har difor som personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og å rekruttere personar med innvandrabakgrunn, og likeeins personar med nedsett funksjonsevne. Vi oppmodar personar med innvandrabakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne om å søkje stillinga.

Vi oppmodar kvinner om å søkje. Dersom fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, gjeld universitetet sine reglar om kjønnskvoltering.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan offentleggjerast sjølv om søkjaren har oppmoda om å ikkje bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om det.

Den som blir tilsett, må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: